

# Mindre utdanningsprosjekt ved NV

## Rapport og erfaringsdeling

**Prosjektnavn:** Vit.ass til to av grunnemnene til MTKJ

**Prosjektleder(e):** Ida-Marie Høyvik

**Prosjektperiode:** januar - 1.juli 2021

**Tildeling fra NV:**

### Hva ble midlene brukt til?

Vi har fått utarbeida Jupyter Notebooks til bruk i Fysiskalk kjemi emna (KJ1041 og TKJ4162) som gjer det mogleg for oss å ha eit langsgående arbeidsprosjekt i kvar av emna. Arbeidsprosjekta knytter mykje av pensum i emnet saman (KJ1041 døme: studentane skal beregne varmekapasitet, ein makroskopisk eigenskap, ved å starte frå Schrødingers bølgelikning) samstundes som vi har fått høve til å koordinere kunnskapen frå dei to fysiskalk kjemi emna saman. Arbeidsdokumentet for kvart av emna er eit Jupyter Notebooks dokument som tek dei stegvis gjennom oppgåvene og som krever at studentane både svarer/reflekterer på oppgåver, samt at dei må programmere nokre av stega sjølve. Sluttresultatet er difor også eit prosjekt som nyttegjer seg av programmering til å løyse faglege problem dei ikkje kunne gjort med penn og papir.

### Hvordan gikk prosjektet?

Prosjektet har gått veldig bra. Den vitenskapleg assistenten vi ansatte (Sander Roet) har gjort ein strålende jobb med å utvikle prosjektdokumentet, samt å kome opp med ein balansegang mellom ferdig produsert kode, krav til programmering frå studentane og interaktive dømer. Eg er godt nøgd med resultatet, og vi har no noko vi kan bruke i emna som vi også kan vidareutvikle over tid. Forhåpentlegvis vil prosjektet gjere det noko lettare for studentane å sjå koplingane mellom det mikroskopiske vi underviser i KJ1041 og det makroskopiske som er undervist i TKJ4162.